



JONDAL KOMMUNE

Arealdelen av kommuneplanen

Planperiode 2012 - 2022



Planskildring

Vedteken av Jondal kommunestyre den 19.12.2012 sak 082/12 med heimel i LOV 2008-06-27 nr. 71 Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven - plandelen).

Innhald.

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Føremål	4
1.3 Organisering og planprosess	5
1.4 Medverknad	5
2. Rammer for planarbeidet	
2.1 Ny plan- og bygningslov	6
2.2 Overordna føringar	6
2.2.1 Barn og unge	7
2.2.2 Universell utforming	7
2.2.3 Folkehelse	7
2.2.4 Klima og energi	7
2.2.5 Strandsone	8
2.2.6 Landskap	8
2.2.7 Jordvern og landbruk	9
2.2.8 Kulturminnevern	9
2.2.9 Støy	9
2.2.10 Naturmangfaldloven	9
2.3 Kommunale føringar	10
3. Hovedtema	
3.1 Folketalsutvikling og trong for bustadbygging	
3.1.1 Folketalsutvikling og framskriving	10
3.1.2 Trong for ny bustadbygging	11
3.1.3 Nye bustadområde	11
3.1.4 LNF spreidd bustadbygging	12
3.1.5 Bustadareal oppsummert	13
3.1.6 Fritidsbusetnad	13
3.1.7 LNF med høve til spreidd fritidsbusetnad	13
3.1.8 LNF stølsområde	13
3.2 Kommunesenter	14
3.3 Næring	14
3.3.1 Trong for nye næringsareal	15
3.3.2 Råstoffutvinning	15
3.3.3 Tilleggsnæring til gardsbruk	16
3.4. Sosial infrastruktur	16

3.4.1 Undervisning	16
3.4.2 Barnehage	16
3.4.3 Helse, sosial, pleie og omsorg	16
3.4.4 Idrett	17
3.4.5 Kyrkje og gravplasser	17
3.5 Infrastruktur	
3.5.1 Vegar	17
3.5.2 Gang- og sykkelvegar	17
3.5.3 Parkering	17
3.5.4 Breiband	17
3.6 Friluftsområde	18
3.7 Bruk og vern av sjø og vassdrag	18
3.7.1 Funksjonell strandsone	18
3.7.2 Naustområde og båthamnar	18
3.7.3 Akvakultur	18
3.7.4 Fiske	18
3.7.5 Drikkevatn	18
3.7.6 Vassdrag	18

1.0 Innleiing.

Krav om kommunal planlegging er heimla i Plan og bygningsloven av 27. juni 2008, kap.11. Ein samla kommuneplan er samansett av ein samfunnsdel og ein arealdel. Denne rulleringa gjeld berre kommuneplanen sin arealdel. Gjeldande samfunnsdel vart vedteken i Jondal kommunestyre i 2004. Arealdelen er eit verktøy for å gjennomføra samfunnsdelen, og skal visa samanhangen mellom samfunnsutviklinga som vert handsama i samfunnsdelen og kva behov dette gjev for arealbruken. Kommuneplanen sin arealdel skal gje hovudtrekka i korleis areala skal brukast og eventuelt vernast, og kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala. Arealdelen er samansett av arealkart, vedtekter og ei planskildring med konsekvensutgreiing og ROS.

1.1 Bakgrunn

Gjeldande arealdel for Jondal kommune blei vedteken av kommunestyret 07.05.1992, sak 34/92. I KS-005/08 gjorde Jondal kommunestyre samrøystes vedtak om å starta opp arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel 2009-2020 i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 til og med 20-6. Hovudutval for teknisk og næring er plannemnd og har ansvar for arbeidet. I KS-043/08 vedtok Jondal kommunestyre planprogrammet for rulleringa av arealplanen for Jondal kommune 2009-2020. Planprogrammet la vekt på å arrangera folkemøte i alle bygder/krinsar, og innbyggjarane i Jondal kommune vart inviterte til å komma med innspel, synspunkt og ynskje til planarbeidet.

Det kom inn over 76 skriftlege innspel og ynskje, hovudsakleg frå grunneigarar. Planprogrammet, vedteke i april 2008, la opp til at den nye kommuneplanen sin arealdel for Jondal kommune gjeldande frå 2009 – 2020 skulle arbeidast ut etter den ”gamle” Plan- og bygningsloven. Gjennom prosessen og etter tilrådingar frå fylket og fylkesmannen har Jondal kommune ved kommunestyret vald å leggja til grunn at den nye kommuneplanen sin arealdel skal utarbeidast etter ny Plan- og bygningslov gjeldande frå 01.07.09. Fordelane ved å laga den nye arealplanen i tråd med ny plan- og bygningslov er vonlegvis større enn ulempene ved at prosessen har teke lenger tid og at kostnadene er blitt større.

1.2 Føremål.

Målet med arbeidet er å få ein oppdatert arealdel til kommuneplanen for Jondal kommune 2011 – 2021 og eit bruksverktøy for kommunen si sakshandsaming i arealspørsmål.

Kommuneplanen sin samfunnsdel, KS 061/04, har fylgjande overordna mål for samfunnsutviklinga: Jondal kommune skal vera ein romsleg og inkluderande kommune som vil leggja til rette for levande bygder med plass til alle gjennom ein aktiv kulturpolitikk, trua på enkeltmenneske og det private initiativ. Jondal kommune har vedteke å leggja Fredrikstaderklinga om lokalsamfunnet sin innsats for berekraftig samfunnsutvikling til grunn for arbeidet i kommunen.

Gjennom planrevisjonen vil det bli sett fokus på å:

- Avklara langsiktige utviklingsretningar i alle deler av kommunen.
- Sikra areal til bustadbygging.
- Sikra næringsareal.
- Strandsoneforvaltning/kystsoneplan.
- Landbruksnæringa, kjerneområde landbruk, kulturlandskap, gardsturisme
- Vurdering av LNF-område, spesielt i høve areal for bygging av fritidsbustader.
- Landskap og friluftsliv.
- Bandleggingsområde/drikkevatn.
- Areal til framtidig infrastruktur.
- Barn og unge.
- Samfunnstryggleik – ras og flaumproblematikk.

1.3 Organisering og planprosess.

Hovudutval for teknisk og næring er planutval i Jondal kommune og har hatt ansvar for gjennomføringa av planarbeidet. Organiseringa av planarbeidet vart vedteken som ein del av planprogrammet:

Styringsgruppa (kommunestyret).

Bygdemøte i alle bygder i kommunen.

Planutval (Hovudutval for teknisk og næring).

Arbeidsgruppa – 2 representantar frå administrasjonen + 2 frå planutvalet.

Referansegruppa (jfr planprogrammet).

Møte i planforum.

Synfaringar.

1.4 Medverknad.

Plan- og bygningsloven §5-1, pålegg kommunen å leggja til rette for aktiv medverknad.

Frå innbyggjarane si side har det vore vist stor interesse for planarbeidet, spesielt frå grunneigarar som ynskjer tiltak inn i planen.

Planarbeidet starta med planprogrammet. Dette låg ute til høyring i 6 veker.

Planprogrammet har lagt opp til deltaking og medverknad i planprosessen:

Folkemøte.

Det vart halde folkemøte om planarbeidet i alle bygder: Herand, Svåsand/Solesnes, Jondal, Krossdalen, Torsnes og på Kysnes. På folkemøta vart det informert om planarbeidet og folk vart inviterte til å komma med innspel. I alt kom det inn 76 innspel til planen.

Organisering av arbeidet, jfr. planprogrammet.

Kommunestyret har vore styringsgruppe.

Jondal kommunestyre som styringsgruppe for planarbeidet peika i planprogrammet på kva prioriteringar som skal vektleggjast. Det skal sikrast areal for bustadbygging i alle deler av kommunen. Det skal sikrast næringsareal, eit næringsområdet skal liggja til sjø. Det skal sikrast areal til gode infrastrukturløysingar. Vidare skal nasjonalpolitiske prioriteringar i arealpolitikken vektleggjast. Styringsgruppa gav i tillegg fylgjande styringssignal som har vore retningsgjevande for planutkastet:

- det må planleggjast for fleire sentrumsnære bustadtomter.
- det skal framleis leggjast til rette for bustadbygging i alle deler av kommunen.
- nytt bustadareal må mest mogeleg planleggjast slik at eksisterande infrastruktur kan nyttast (vatn og avløp).
- sikra offentleg areal i sentrum.
- bandlegging av område må vurderast nøye. (drikkevasskjelder)
- oppheving av arealgrenser for fritidshus.
- det skal ikkje opprettast kjerneområde for landbruk i planområdet.

Planutkastet har vore til drøfting 2 gonger i styringsgruppa. Representantar for Ungdommens kommunestyre har delteke på desse møta. Hovudutval for teknisk og næring er planutval.

Planutvalet har hatt 14 arbeidsmøte i høve ny arealplan. Møta har teke opp prinsipielle vurderingar, prioriteringar og har vurdert kvart enkelt innspel til ny plan.

Ei arbeidsgruppe sett saman av 2 representantar for administrasjonen + 2 representantar frå planutvalet har arbeidd ut planforslaget. I tillegg til arbeidsmøta i planutvalet har arbeidsgruppa hatt ei rekkje arbeidsmøte internt og med eksterne partar.

Ei breitt samansett referansegruppe med representantar frå lag og organisasjonar. Det har vore eitt møte i referansegruppa.

Møte i planforum. Arbeidsgruppa har lagt planforslaget fram for planforum som er eit samordningsorgan for Hordaland fylke, fylkesmannen i Hordaland, Statens vegvesen, Kystverket Vest, Fiskeridirektoratet Region Vest og kommunane. Etter dette møtet er det gjort mindre justeringar. Før møtet i planforum hadde arbeidsgruppa 2 drøftingsmøte med fylkesmannen og fylkeskommunen om problemstillingar knytt til planen.

Synfaringar. Planutvalet (HTN) har hatt synfaring i Øvre Krossdalen og på Torsnes. Arbeidsutvalet saman med representantar frå Hordaland fylke og fylkesmannen i Hordaland har hatt synfaring på strekkjene Mælen – Jondal sentrum og Jondal sentrum – Øvre Krossdalen. Strekkja Jondal sentrum.

Barn- og unge sin representant i plansaker har delteke i planarbeidet.

Jondal kommunestyre la planframlegget på høyring i sak 065/10, 8. des. 2010. Det vart arrangert ope folkemøte om planutkastet i høyringsperioden. Elles har planutkastet vore lagt ut på kommunen si heimeside, på kommunehuset og elles der mykje folk ferdast. Utlegginga har også vore kunngjort i dei mest brukte avisene. Det kom inn 46 merknader til planutkastet.

2. RAMMER FOR PLANARBEIDET.

2.1 Ny plan- og bygningslov.

Planprogrammet til rullering av kommuneplanen sin arealdel blei utarbeidd og vedteken etter plan- og bygningsloven av 1985. Plandelen i ny plan- og bygningslov tredde i kraft 01.07.09, og planar som blir lagt ut for offentlig ettersyn etter innføring av den nye loven, skal handsamast etter nytt regelverk. Styringsgruppa bestemte difor at arealdelen med plankart, vedtekter og planskildring er difor utarbeidet etter den nye loven.

Den nye planloven representerer nye framsteg i arealforvaltninga, men samstundes utfordringar m.a. i forhold nye arealføremål, teiknereglar og utforming av vedtekter. Omsynssoner er innført som et nytt omgrep i loven. Medan arealføremål seier konkret kva eit areal kan brukast til, skal omsynssonane synleggjere naturgitte eller andre eigenskapar ved eit areal som det må takast omsyn til, uavhengig av kva arealbruk det vert planlagt for. Omsynssonar vil gje tiltakshavarar større tryggleik ved at dei vert kjende med fleire sider ved arealet før det vert fremja søknad om tiltak. Det kan knytast vedtekter til omsynssonane som gjev rettsleg bindande avgrensingar eller retningslinjer som vil gje føringar for arealbruken. I planforslaget er det merka av omsynssonar for støy, fareområde, grønnstruktur, friluftsområder og bandlegging.

2.2 Overordna føringar.

Ved utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel ligger det føringar i form av lovverk, forskrifter, rikspolitiske retningslinjer, overordna planer m.m. Vedteke planprogram har ei opplisting av dei aktuelle statlege, regionale og kommunale føringane som er lagt til grunn ved utarbeiding av planen. I tillegg til dei hovudtema som vert handsama i planen, har Jondal kommune i tråd med overordna føringar hatt fokus på fylgjande tema:

2.2.1 Barn og unge.

Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår er framheva i loven sin føremålsparagraf og som ei viktig oppgave i planlegginga. Regjeringa ønsker at RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga skal handhevast strengare, og presiserer i rundskriv T-2/08 kommunen sitt ansvar for at all plan- og byggesaksbehandling ivaretek omsynet til barn og unge sine behov for gode oppvekstvilkår og nærmiljø. Barn og unge sin representant i kommunen har delteke planarbeidet.

2.2.2 Universell utforming.

Universell utforming er nedfelt i formålsparagrafen i ny plan- og bygningslov. Universell utforming er ein langsiktig nasjonal strategi for å bidra til å gjera samfunnet tilgjengelig for alle og forhindra diskriminering. Gjennom utforming og tilrettelegging av fysiske forhold kan ein leggja til rette for alle til samfunnsdeltaking. Ny forskrift om krav til byggverk (teknisk forskrift) som blir gitt med heimel i Byggesaksdelen av ny plan- og bygningslov, vil konkretisera prinsippet om universell utforming. Forskrifta vil gje ein minstestandard for universell utforming i tråd med den rettslige forståing av begrepet slik det går fram av Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven som tredde i kraft frå 01.01.09.. Fylkesdelplan Deltaking for alle – Universell utforming 2006-2009, har som mål at universell utforming skal vera ein premiss i kommuneplanar og reguleringsplanar. Universell utforming skal vera eit viktig tema under arbeidet med grønnstruktur og friluftsområde. Ein premiss for utvelgning av område til framtidig bandlegging skal mellom anna vera at områda lett kan utformast universelt.

2.2.3 Folkehelse.

Folkehelsearbeid handlar om å styrkja faktorer som fremjar helsa, reduserer faktorar som medfører helserisiko og vernar mot ytre helsetruslar. Vidare skal folkehelsearbeidet bidra til ei jamnare sosial fordeling av faktorer som påverkar helsa. Eit av måla i handlingsprogram for folkehelse 2007-2008 er at folkehelse skal inn i alle kommunale planar. Jondal kommunestyre har gjort vedtak om å oppretta partnerskapsavtale med Hordaland fylkeskommune i løpet av 2011. Det vert arbeidd med ein felles plan for helsestasjon, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdommar og miljøretta helsevern. Planen skal gjelda for perioden 2011 – 2015.

Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv – 2008-2012 har som hovudmål at innbyggjarane i Hordaland skal kunne vera ”aktiv kvar dag” etter eigne ynskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur. Regelmessig fysisk aktivitet gjev dokumenterte positive helseeffektar fysisk, psykisk og sosialt.

I planarbeidet har kommunen hatt fokus på tilgang til friluftsområde, turstiar, idrettsplassar, ballplassar og leikeplassar. I Jondal kommuner er det god tilgang til omfattande turstinnettverk inn i store skog- og fjellområde.

2.2.4 Klima og energi.

Plan- og bygningsloven skal fremja bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar, jf pbl §1. Stortingsmelding nr.26 gjev vidare viktige arealpolitiske føringar, m.a.:

Arealpolitikken skal leggja til rette for redusert utslipp av klimagasser.

Arealplanlegginga skal bidra til å redusera den trusselen klimaendringane representerer mot liv, helse og materielle verdiar og samfunnsviktige funksjonar og infrastruktur.

Samordna areal og transportplanlegging

For å oppnå målsetningane i St.meld nr.26 må ein søkja å redusera transportbehovet og arealforbruket mest mulig ved utbygging.

Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 har samordna areal- og transportplanlegging som ei arealpolitisk retningslinje. Meininga med RPR for samordna areal og transportplanlegging

(Rundskriv T-1057) er å oppnå ei betre samordning av arealplanlegging og transportplanlegging både i kommunane og på tvers av kommunar, sektorar og forvaltningsnivå. Gjennom ei slik samordning skal det leggjast til rette for ein mest mogeleg effektiv, trygg og miljøvennleg transport slik at transportbehovet vert minst mogeleg. Samordna areal og transportplanlegging etter dei retningslinjer som er nemnt ovanfor vil vera ei utfordring i Jondal kommune når det gjeld bustadbygging. I sin konsekvens vil St.meld nr 26 og fylkesplanen føra til ei sentralisering av utbyggingsaktiviteten i kommunen. Jondal kommunestyre har gitt som føring til planarbeidet at det skal leggjast til rette for bustadbygging i alle deler av kommunen.

Kommunedelplan Energi og klima

I samsvar med Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane, har kommunen parallelt med arbeidet med arealplanen arbeidd med ein eigen kommunedelplan for energi og klima. Planen vil synleggjera gode tiltak innanfor både energieffektivisering og energiforsyning og innehalda ein konkret handlingsplan for realisering av tiltaka. Arbeidet med både planen og tiltaka vil heva kompetansen innad i kommunen og gjera kommunen betre kvalifisert til å løysa utfordringar knytt til energi og klima. Energi- og klimaplanen skal visa forhold knytt til:

- energibruk i ulike sektorar
- tilgang på lokale/fornybare energiressursar
- utslepp av klimagassar fra ulike sektorar
- vurdering av framtidige energi- og klimaløysingar
- tiltak og handlingsplan

Klimatilpasning

Klimaendringar som fylgje av global oppvarming vil gje oss utfordringar som høgare gjennomsnittstemperatur, meir nedbør, havnivåstigning, meir ekstremver og auke i flaum- og skredhendingar. Ny plan- og bygningslov skjerpar krava til ROS-analysar. Den overordna ROS-analysen til kommuneplanen tar for seg ulike tema med farepotensiale der konsekvensar av klimaendringar er eitt tema.

2.2.5 Strandsone.

§ 1-8 i ny Pbl vidarefører og innskjerpar byggjeforbodet i strandsonen, og reglane om dispensasjon vert stramma inn (§19-2). Ved bygging i strandsonen skal det takast særlig omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Det må fastsetjast ei byggjegrænse i kommuneplanen sin arealdel dersom byggjeforbodet i §1-8 skal falla bort. Meininga er at arealbruken skal vurderast gjennom helhskaplege og langsiktige arealplanar, der utgangspunktet er at bygging nær sjøen bør unngåast. I samband med ny planlov er det utarbeidd Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjø. Jondal kommune er her foreslege definert som eit mindre sentralt område der presset på areala er mindre og vernet vert mindre strengt. Det er ikkje gjort kartlegging av funksjonell strandsone i Jondal.

2.2.6 Landskap.

Landskapet omfattar alle våre fysiske omgjevnader utandørs, og påverkar vår identitet og livskvalitet og er ressurs for verdiskaping og arbeidsplassar. I den europeiske landskapskonvensjonen vert det sett fokus på kvardagslandskapet, og at innbyggjarane gjennom medverknad i planprosessar kan delta i påverknaden av landskapet. Det er eit mål i Fylkesdelplan for Hordaland 2005-2008 at Hordaland sitt landskap skal forvaltast i et langsiktig tidsperspektiv og som ei kjelde til identitet og livskvalitet. Landskap går inn som del av vurderingane i konsekvensutgreiingane for kvart enkelt tiltak i planen.

2.2.7 Jordvern og landbruk.

Det er eit nasjonalt mål å halvere den årlige omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane innan 2010. Ny plan- og bygningslov synleggjer i § 3-1, sikring av jordressursar, kvalitetar i landskapet og vern av verdfulle landskap og kulturmiljø som viktig oppgåve og omsyn i planlegging etter loven. Arealstrategi for landbruket, FMLA 2009, er retningsgjevande for Fylkesmannen si landbruksavdeling sitt arbeid med å sikra arealressursane i landbruket. Jondal har utarbeidd felles Landbruksplan saman med dei 6 andre Hardangerkommunane.

Landbruket er viktig for busetnadsmønsteret i Jondal kommune med mjølkeproduksjon som viktigaste driftsgreina. I 2011 var det 45 brukarar som søkte produksjonstilskot, av desse er 23 bruk med mjølkeproduksjon, med 2,2 mill liter i kvote, så mjølkeproduksjonen i kommunen har aldri vore så stor som no. Men sauehaldet har gått tilbake, særleg har fleire småbruk med små flokkar lagt ned drifta dei seinare åra. Det er no 24 bruk med sau. 5 brukarar driv aktivt med frukt dyrking og leverer årleg mellom 40 - 60 tonn frukt til fruktlager. Det dyrka jordbruksarealet i drift, har halde seg stabilt dei seinare åra, men me registrerer no ein liten avgang av det mest tunghausta arealet. Landbruksområda i Jondal kommune er vist i planen som landbruks-, natur- og friluftsområde. Det er eit mål for planarbeidet at kommuneplanen skal bidra til levande bygder ved å tillata noko spreidd bustadbygging i Herand, Selsvik, Torsnes og på Kysnes.

Styringsgruppa (kommunestyret) har drøfta spørsmålet om å vedta kjerneområde for landbruk i Jondal kommune og konkluderte med at det ikkje skulle gjerast. Tanken bak dette vedtaket er at alt areal er viktig for dei som driv og skal vera vanskeleg å omdisponera. Kommunen er svært oversiktleg med heller lite utbyggingspress på dyrka jord. Ved å vedta kjerneområde ville ein samstundes signalisera at det enkelte stader skulle vera lettare å leggja ut landbruksareal til andre føremål.

2.2.8 Kulturminnevern.

I forkant av arbeidet med ny arealplan har det pågått arbeid med kulturminneplan for Jondal kommune. Kulturminneplanen skal vera ein delplan under kommuneplanen. Alle registrerte kulturminne er vurderte i høve alle tiltak i arealplanen. Kulturminne er markert i plankartet.

2.2.9 Støy.

Føremålet med ”Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging” (T-1442) er å førebyggja støyplager, og å vareta stille og lite støypåvirka natur- og friluftsområder. Gjennom å synleggjera område med potensielle støyproblemer, vil utbyggjarar og arealplanleggjarar bli gjort merksame på at spesielle omsyn til støy kan vera nødvendig å ta.

I planforslaget er støysone rundt skytebanen vist som omsynssone for støy.

2.2.10 Naturmangfaldloven.

Både naturmangfaldloven og plan- og bygningsloven stiller særskilde krav til saksbehandling, dokumentasjon og vurdering av planar og tiltak etter plan- og bygningsloven.

Krava i naturmangfaldloven må ein sjå i samnang med krava i plan- og bygningsloven, slik at gjennomføring av krava i loven i størst mogeleg grad vert samordna og synlrggjort i planvedtak. Jondal kommune har i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland kartlagt og verdsett naturtypar i Jondal, MVA-rapport 2/2007 – Naturtypar i Jondal, og vidare kartlagt viktige viltområde og status for viltartane, MVA-rapport 1/2007 – Viltet i Jondal.

2.3 Kommunale føringar.

Jondal kommunestyre som styringsgruppe for planarbeidet peika i planprogrammet på kva prioriteringar som skal vektleggjast. Det skal sikrast areal for bustadbygging i alle deler av kommunen. Det skal sikrast næringsareal, eit næringsområdet skal liggja til sjø. Det skal sikrast areal til gode infrastrukturløysingar. Vidare skal nasjonalpolitiske prioriteringar i arealpolitikken vektleggjast.

Styringsgruppa gav i tillegg fylgjande styringssignal som har vore retningsgjevande for planutkastet:

- det må planleggjast for fleire sentrumsnære bustadtomter.
- det skal framleis leggjast til rette for bustadbygging i alle deler av kommunen.
- nytt bustadareal må mest mogeleg planleggjast slik at eksisterande infrastruktur kan nyttast (vatn og avløp).
- sikra offentleg areal i sentrum.
- bandlegging av område må vurderast nøye. (drikkevasskjelder)
- oppheving av arealgrenser for fritidshus.
- det skal ikkje opprettast kjerneområde for landbruk i planområdet.

Planutkastet har vore til drøfting 2 gonger i styringsgruppa.

3. Hovudtema.

3.1 Folketalsutvikling og trong for ny bustadbygging.

3.1.1 Folketalsutvikling og framskriving.

Folketalet i Jondal har som i resten av kommunane i Hardanger gått ned siste 10-årsperioden. I vedteke planprogram har ein ambisjon om å leggja til rette for å stoppa denne trenden og kanskje få ei folketalutvikling i pluss.

Folketalet i kommunane.

(fylkesstatistikk.)

Tid	1986	1991	1996	2001	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Geografi										
Hardanger	26175	25541	24941	24229	23112	22885	22783	22755	22859	22897
Jondal	1306	1254	1198	1141	1060	1056	1047	1022	1036	1041
Odda	8659	8283	7976	7633	7247	7154	7107	7054	7047	6985
Ul lensvang	4047	3944	3743	3608	3472	3416	3415	3351	3382	3405
Eidfjord	1031	1081	1079	1001	899	915	933	945	958	959
Ulvik	1281	1239	1275	1210	1142	1137	1107	1095	1129	1118
Granvin	1097	1050	1062	1037	986	977	964	950	947	947
Kvam	8754	8690	8608	8599	8306	8230	8210	8338	8360	8442

I perioden frå 2001 til 2011 er folketalet i Jondal gått ned med 8,8 %. I heile Hardanger har folketalet gått ned 5,5%. Hordaland fylke har hatt ein vekst på 11,3% i same perioden.

Framskriving SSB 2010 (henta frå fylkesstatistikk).

Tid	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2020	2025	2030
Region									
Hordaland	477175	483431	489224	494653	499837	504896	530181	555959	581011
Jondal	1036	1038	1029	1014	1011	1002	968	931	906
Odda	7047	7058	7049	7042	7007	6984	6860	6806	6802
Ullensvang	3382	3378	3383	3366	3356	3337	3246	3204	3165
Eidfjord	958	967	993	1011	1022	1031	1062	1098	1151
Ulvik	1129	1121	1106	1087	1074	1062	991	949	910
Granvin	947	940	925	919	910	901	876	846	833
Kvam	8360	8327	8319	8295	8280	8279	8311	8392	8482

Saman med resten av hardangerkommunane har det blitt jobba med prosjekt som skal stimulera til tilflytting til Hardanger. (Flytt til Hardanger.) Opninga av Jondalstunnelen i 2012 vil gjera Jondal kommune til ein del av eit større bu- og arbeidsområde. Med nye vegsamband vil god tilgang på attraktive bustadtomter og gode kommunale tenester gjera Jondal kommune til ein attraktiv bukommune. Jondal kommune har investert mykje i Jondalstunnelen med tanke på å snu den negative utviklingstrenden kommunen har hatt dei siste 25 åra.

3.1.2 Trong for ny bustadbygging.

Planprogrammet legg til grunn ei bustadbygging i planperioden minst på same nivået som i siste 10-årsbolk. I perioden frå 2000 til 2010 vart det bygd 35 bustadhus i Jondal kommune. Likevel har folketalet gått ned. Personar pr. husstand går meir ned i Jondal enn i fylket og landet elles.

Følgjande tabell er henta frå Kommunedelplan for energi og klima Jondal kommune 2011-2015:

År	1998	2003	2008	2013	2018
Folketal	1 185	1 071	1 047	1 046	1 019
Årleg endring (middel)		-2,1 %	-0,5 %	0,0 %	-0,5 %
Hushald	472	538	579	525	559
Personar pr. hushald					
Kommunen	2,51	2,33	2,16	1,99	1,82
Fylket	2,41	2,36	2,31	2,25	2,19
Landet	2,33	2,30	2,28	2,27	2,25

Gjennomsnittleg husstandsstorleik ligg godt under fylkes- og landssnittet. Det ser ut som om dette vil halde fram slik ut prognoseperioden. Vidare ser me at tal hushald går ned trass ny bustadbygging. Det kan tyda at hus vert fråflytta og vert ståande som fritidsbustader. Kommunen har som mål å stabilisera folketalet og styringsgruppa (kommunestyret) har gitt ei klar føring til planutvalet om å leggja til rette for dette ved planlegging av areal til bustadbygging.

Ei målsetjing om 35 nye bustadhus i planperioden må vera eit minimum. I tillegg må ein ta høgde for at ny infrastruktur frå 2012 kan gje auka etterspurnad etter bustadtomter. Styringsgruppa si understreking av at det skal leggjast til rette for bustadbygging i alle deler av kommunen vil føra til at det må leggjast ut meir areal til bustadbygging enn det ein kan rekna med vil bli utbygd i planperioden samla sett.

3.1.3 Nye bustadområde.

Det er 16 ledige kommunale bustadtomter i Jondal kommune pr. 12. mai 2011:

Herand (Tveitehagen) 2 tomter, Jondal (Sætveithagen) 8 tomter, Belsnes 3 tomter og Kysnes (Øykhagen) 3 tomter.

I tillegg er det gitt rammeløyve til privat utbyggjar for 16 husvære i Vik(Jondal sentrum). Og eit privat bustadfelt på Torsnes har 6-7 tomter. I Sætveithagen kan område regulert til forretning

omdisponerast til bustader. Styringsgruppa har understreka at nytt bustadareal i størst mogeleg grad skal planleggjast som utviding av eksisterande bustadfelt slik att nedlagt infrastruktur (vatn og avløp) kan nyttast. Dette er gjort der det er mogeleg. Planframlegget legg i alt ut 297 daa til nye bustadføremål, med geografisk fordeling som vist i tabellen nedanfor:

Nye bustadområde.	Areal i daa	Om arealet.
B1 – Mælen Herand (F)	13	Privat.
B2 - Langvoll Herand (F)	10	Privat.
B8 – Tveitehagen Herand (F)	26	Utviding av kommunalt bustadfelt.
B10 - Svåsandshagen (F)	22	Kommunalt.
B10 - Svåsandshagen (F)	44	Privat.
B17 - Brekke Jondal (F)	35	Kommunalt/privat.
B19 - Sætveithagen Jondal (F)	15	Kommunalt.
B20 - Sætveithagen Jondal (F)	81	Kommunalt.
B24 - Stølheim/Lunderdal Torsnes (F)	20	Privat.
B25 - Torsnes (F)	8	Privat.
B28 - Øykehagen Kysnes (F)	9	Kommunalt.
B29 - Øykehagen Kysnes (F)	5	Privat.
B30 - Hammaren Kysnes (F)	3	Privat.
B32 - Samland Herand (F)	5	Privat.
B34 - Vik i Jondal (F)	1	Kommunalt.
Sum	297	

Av totalt 297 daa nytt bustadareal vil Jondal kommune prioritera 203 daa.

I tillegg til det som går fram av oversikten ovanfor går ein i planen inn for bustadfortetting i området Vik/Herand –kartreferanse B7, Tømmervik – Solesnes - kartreferanse B11 – B14, Sætveit – kartreferanse B 18 og Furevik – kartreferanse B27.

I tillegg tillet planen noko spreidd bustadbygging, LNF1-10, i Mælen, i Herand, på Svåsand, i Selsvik, på Torsnes og på Kysnes.

3.1.4 LNF spreidd bustadbygging Pbl. § 11-11 nr. 2.

I planperioden vert det gitt løyve til bygging av til inntil 24 bustadhus i LNF-område for spreidd bustadbygging. Desse fordeler seg slik:

Delområde	Bustader
LNF1 Herand Vik/Haugen	3
LNF2 Svåsand	2
LNF3 Selsvik	5
LNF4 Belsnes	1
LNF5 Torsnes	2
LNF6 Kysnesstrand/Solheim	2
LNF7 Kysnesstrand/Furevik	4
LNF8 Kysnesstrand/Hammaren	2
LNF9 Kysnesstrand/Hammaren sør	3
LNF11 Mæle	4
Sum	28

3.1.5 Bustadareal oppsummert.

Grovt rekna vert det lagt til rette for ca. 256 bustadtomter i planperioden (sjå tabell nedanfor). Av desse vil 136 bustadtomter liggja i kommunale felt.

Type tiltak	Areal	Tal bustadtomter
Kommunale bustadfelt	189 daa	ca 120
Private bustadfelt	108 daa	ca 68
LNF spreidd bustadbygging		28
Fortetting		ca 15
Tomter i eksisterande planar		39
Sum		268

3.1.6 Fritidsbusetnad.

I planframlegget vert det lagt ut 1200 daa til arealføremåletføremålet fritidsbusetnad, på bakgrunn av innspel frå grunneigarar. Bakgrunnen for den sterke satsinga på tilrettelegging for fritidsbusetnad finn ein i regional satsing på reiseliv. Jondal sitt unike tilbod knytt til fjord, fjell og bre er eit viktig aktivum for å investera i fritidshus i Jondal. Oversikt over areal til ny fritidsbusetnad:

Område	Daa
FB1- Mælsheiane II (F)	63
FB2 - Mælsheiane I (F)	352
FB3 - Vassel gard (F)	43
FB12 - Svåsandsneset (F)	4
FB15 - Svåsand (F)	61
FB17 - Belsnes (F)	20
FB18 - Torsnes (F)	18
FB19 - Streitet (F)	131
FB21 - Krossdalen (F)	46
FB22 - Vassdalen (F)	150
FB23 - Vassdalen (F)	49
FB24 - Vassdalen (F)	172
FB25 - Vassdalen (F)	82
FB26 - Mæle (F)	1
FB28 - Vikane (F)	1
FB29 - Stekka (F)	8
FB30 - Belsnes (F)	1
Sum nytt areal (F)	1202

3.1.7 LNF med høve til spreidd fritidsbusetnad.

Eit område på Belsnes vert merka som LNF-området med løyve til spreidd fritidsbusetnad, LNF10.

3.1.8 LNF stølsområde.

I planområdet ligg mange stølsområde. Alle stølsområde er fotografert og registrert i samband med arbeidet med kulturminneplanen for Jondal kommune. Stølsområda er vist med omsynssymbol, og det må visast aktsemd ved utbetnings- og byggjearbeid.

3.2 Kommunesenter.

I fylgje dei arealpolitiske retningslinjene i Fylkesplan for Hordaland 2005-2008, skal kommunesenteret fastsetjast i kommuneplanen. Kommunesenteret skal vera ein lokaliseringsstad for arbeidsplassar, kommunal administrasjon, kommunedekkande offentlege og private tenester, lokalt transportknutepunkt og kollektivdekning.

Bustadstrukturen i Jondal er prega av spreidd busetnad og mindre bygdesamfunn. Tettstaden Jondal, som er kommunesenteret i kommunen, er det næraste ein kan komma omgrepet senterstruktur i Jondal kommune.

I tillegg til å vera kommunesenter er Jondal kyrkjestad. Den største kyrkja i Hardanger ligg i Jondal. Elles har kommunesenteret Jondal:

- 2 matvarebutikkar med eit breitt utval av varer.(Ein av butikkane har byggevareavdeling.)
- Avdeling av Sparebanken Hardanger.
- 3 overnattingsstader.
- Barne- og ungdomsskule for heile kommunen.
- Kommunal barnehage for heile kommunen.
- Alders- og sjukeheim for heile kommunen + 15 bustader for eldre og personar med særskilde behov.
- Helsesenter.
- Tannhelseteneste.
- Fleire private servisebaserte tenester.
- Idrettsanlegg med symjehall og ny kunstgrasbane.
- Den største private arbeidsplassen i kommunen – Jondal stål AS.

Jondal sentrum definerer ein som flaten mellom inst i Jondalsbukta i sør, Jondalselva i nord og kyrkja i aust. Fleire av sentrumsfunksjonane ligg i Vik, nord for Jondalselva.

Jondal sentrum har ferjeoppstillingsplass og kai for ferjesambandet Jondal – Tørvikbygd. I samband med Jondalstunnelen vert det arbeidd med reguleringsplan for ny ferjeoppstillingsplass knytt opp til eksisterande ferjekai. Jondal sentrum vil bli eit trafikk-knutepunkt for ferjesambandet knytt opp mot Fv 107, Fv 550 og Fv 105.

Godkjend reguleringsplan for Jondal sentrum med nærliggjande bustadområde er frå 1995. Det er utarbeidd tettstadanalyse for Jondal sentrum. Denne må implementerast i ein oppdatert reguleringsplan, eventuelt i ein kommunedelplan. Det er vidare arbeidd med ein plan for oppgradering av Jondal sentrum med søkjelys på auka trivsel og tryggare trafikkløysingar (Sentrumsplanen).

I periodar er det for lite parkeringsplassar i sentrum. Dette må det finnast løysing på i ny reguleringsplan.

I framlegget til ny arealplan har ein særleg hatt fokus på areal til ny infrastruktur og areal til ny bustadbygging i Jondal sentrum og nærområdet.

3.3 Næring.

Ny plan- og bygningslov gjev planmyndigheitene i oppgåve å ”tilrettelegge for verdiskaping og næringsutvikling”. Lovkommentaren seier vidare at ”Loven er et viktig virkemiddel for å legge til rette for næringsvirksomhet og sysselsetting, både gjennom aktiv næringsplanlegging i kommuner og regioner, og ved å sette av arealer til næringsvirksomhet som kan være utbyggingsklare når interesser og behov melder seg. Det må legges til rette for etableringer slik at bedrifter kan tiltrekkes når produksjons- og markedsmuligheter melder seg”. Jondal kommune ynskjer å vera aktiv og i forkant i næringsutviklinga.

I eksisterande planar er det lite ledig areal for næringsetablering. Nytt næringsareal har difor vore eit av fokusområda i arbeidet med ny arealplan.

3.3.1 Trong for nye næringsareal.

Med Jondalstunnelen vil Jondal bli ein del av eit bu- og arbeidsområde med ca. 20 000 menneske. Utsiktene til ny næringsetablering i Jondal er større enn før. Difor har ein i planarbeidet hat fokus på dette.

Oversikt over nytt næringsareal:

Tab. 4. Arealregnskap for nye næringsformål i planforslaget.

Område	Kommentar	Areal daa
N1 - Åsleite Herand (F).	Lager, industri o. l..	20
N3 - Marine harvest (N).	Utviding av smoltanlegg.	9
N4 - Svåsand (F).	Lager, opplag o. l..	19
N5 - Selsvik (N).	Småskala håndverk.	5
N6 - Tryglavik (F).	Massetak/massedeponi, tungindustri, djupvasskai.	106
N7 - Båtbyggjarskulen Jondal (N).	Lager, opplag, kontor, forretning, småskala håndverk o. l..	3
N8 - Akjærhaugen Jondal (F).	Senter for kunst - produksjon/utstilling/salg - bustad.	2
N10 - Sætveithagen Jondal (F).	Lager, opplag, kontor, forretning. lett industri o. l..	13
N11 - Torsnes (N).	Lager, opplag, kontor, forretning, lett industri, bustad o. l..	7
N12 - Kysnes (N).	Lager, forretning, kontor, bustad o. l..	4
N13 - Kysnes (N).	Lager, kontor, forretning o. l.	2
N13 - Kysnes (F).	Lager, kontor, forretning o. l.	5
N14 - Hammaren (N).	Småskala håndverk.	3
N16 - Jondalsholmane (F).	Lager, småskala håndverk o. l..	15
N17 - Byrkjeland (F).	Lager, småskala håndverk o. l..	17
N18 - Herand v/butikken (N).	Lager, opplag, kontor, forretning. lett industri o. l..	2
N19 - Torsnes (v/Jondalstunnelen) (F).	Massetak, lager, opplag, kontor, forretning, industri o. l..	70
N20 - Herand (N).	Forretning, kontor, bustad.	1
Sum næringsformål, eksisterande og nytt		303,0
Utlagt nytt areal		267,0

3.3.2 Råstoffutvinning. Solesnes skiferutvinning.

Det vert tilrådd å utvida driftsområdet for skiferdrifta på Solesnes. Området på 216 daa er delvis gammalt driftsområde og delvis nytt. Det er krav om at det skal arbeidast ut reguleringsplan der det vert vist at det vert teke omsyn til kulturminne frå den gamle drifta.

3.3.3 Tilleggsnæring til gardsbruk.

Oversikt over tilrådte tiltak for tilleggsnæring til gardsbruk:

Område.	Føremål	daa
FT1 - Mælsviki (F).	Utleige rorbu/fritidsbustad	2
FT4 - Sæverhagen Herand (F).	Utleigehytter.	10
FT5 - Neset Herand (F).	Utleigehytter	1
FT6 - Vik Herand (F).	Camping/utleigehytter	6
FT7 - Plasset Herand (F).	Utleigehytter.	16
FT9 - Nedre Torsnes (F).	Overnattingsverksemd.	4
FT10 - Breivik Hammaren (F).	Camping.	5
FT11 - Byrkjeland (F).	Utleigehytter.	3
FT12 - Espeland (N).	Camping.	9
Sum areal tilleggsnæring		56 daa

3.4 Sosial infrastruktur.

Innbyggjarane i Jondal kommune har ein relativt høg gjennomsnittsalder. Høg gjennomsnittsalder i befolkninga gjev eit sterkt press på offentleg tenestetilbod innan helse og omsorg.

Barne talet har over mange år gått tilbake. Dette har ført til endringar i skulestrukturen i Jondal kommune.

I planforslaget er areal til offentleg føremål i gjeldande reguleringsplan for Jondal sentrum vidareført. I tillegg er offentleg areal til skuleføremål i Vik utvida litt mot vest, OTP11. Dette med tanke på framtidig utbygging av fleirbrukshall idrett/kultur. Offentleg areal på Jondalsøyra er også føreslege utvida litt, OTP12.

3.4.1 Undervisning.

Jondal kommune har i dag berre 1 grunnskule, Jondal barne- og ungdomsskule. Skulen er lokalisert i Vik i Jondal og alle i skulepliktig alder får sitt grunnskuletilbod her. Det går skulebuss frå Årsand(Kvinnherad) i sør, frå Herand i nord og frå Øvre Krossdalen i aust.

Jondal barne og ungdomsskule er opphavelig bygd på 60-talet, vart utbygd med symjehall, ny gymnastikksal og ny administrasjonsfløy tidleg på 80-talet og i perioden 2003-2007 vart skulen rehabilitert med ny elevinngang og nye elevtoalett og ytterlegare utviding av administrasjonsfløyen med nye lærararbeidsplassar. Det vert vidare arbeidd med planar for full rehabilitering av Jondal skule med tanke på tilpassing av bygningsmassen til dagens krav. Alle planar det vert arbeidd med let seg gjennomføra innanfor areal avsett til skuleføremål i gjeldande reguleringsplan.

3.4.2 Barnehage.

Barnehagesektoren i Jondal kommune har vore stabil dei siste åra.

Jondal kommune har 1 kommunal barnehage. Denne er lokalisert i Vik i Jondal og er nær nabo til Jondal skule. Den kommunale barnehagen har 3 avdelingar. Jondal barnehage vart bygd på slutten av 90-talet og er moderne og funksjonell. Barnehagen har relativt stor tomt til uteaktivitet.

I tillegg til den kommunale barnehagen er det ein privat barnehage i Herand.

I planperioden er det ikkje føreslege sett av nye areal til ny barnehageutbygging.

3.4.3 Helse, sosial, pleie og omsorg.

Jondal kommune har dei siste 20-25 åra prioritert utbygging av helse- og omsorgssektoren.

Handlingsplan for eldre utarbeidd i samsvar med statlege satsingar er i dag oppfylt:

- Ny alders- og sjukeheim med 30 plasser + 2 plasser til rehabilitering.
- 15 bustader for eldre..

- 5 bustader for personar med særskilde behov.
 - Nytt helsesenter med lækjarkontor, helsesystemteneste og psykiatrisk sjukepleiar.
- I planperioden er det ikkje føreslege sett av nye areal til ny utbygging innanfor denne sektoren.

3.4.4 Idrett.

I Jondal kommune er det registrert 6 idrettsanlegg med ulike eigarstruktur og driftsmodell. Dei mest påkosta anlegga er idrettsanlegget ved Jondal skule, Ljosløypeanlegget på Storemyr i Krossdalen og skianlegget på Folgefonna. Skianlegget på Folgefonna er av nasjonal interesse.

Ridesporten er i vekst og det er i 2011 opna ny trav og ridebane på Kysnes, sør i Jondal kommune. 2 av anlegga har meir status som nærmiljøanlegg. Reine nærmiljøanlegg kjem i tillegg. I planperioden vert det føreslege nytt nærmiljøanlegg på Torsnes.

3.4.5 Kyrkje og gravplassar.

Jondal kommune utgjer eit kyrkjelokn. Etter kyrkjeloven er soknet eigar av kyrkja og kyrkjegardar. Jondal sokneråd skal etter kyrkjeloven forvalta eigedommane som ligg til kyrkja. I planarbeidet har ein vore i dialog med Jondal sokneråd om trong for utviding av kyrkjegardar. I planframlegget ligg inne forslag om utviding av gravplassen i Herand.

3.5 Infrastruktur.

3.5.1 Vegar.

Vegar er viktige livsnærver i alle deler av landet. Jondal kommune er knytt saman internt og mot omverda via Fv 550, Fv 105 og Fv 107. Heile dette vegnettet har låg til middels standard.

Arbeid for betre tilgjenge har hatt høg prioritet i Jondal kommune over mange år. Kommunen har gått inn med midlar i finansieringa av Folgefonntunnelen, vegstrekka Mauranger-Løfallstrand og til sist 60 mill kr inn i Jondalstunnelen. I samband med bygginga av Jondalstunnelen er det føreslege ny ferjeoppstillingsplass i Jondal sentrum. Her er arbeid med reguleringsplan starta opp. I samband med opninga av Jondalstunnelen ser ei i Jondal føre seg at ferjesambandet Jondal-Tørvikbygd vil verta eit viktigare kryssingspunkt av Hardangerfjorden enn dette sambandet har vore hittil.

3.5.2 Gang- og sykkelveg.

På strekninga Jondal sentrum – Sætveithagen bustadfelt er det i planperioden føresett bygging av ny gang- og sykkelveg. Dette er eit viktig trafikksikringstiltak i høve auka trafikk frå Jondalstunnellen. Det er vidare eit rekkefyljekrav frå Statens vegvesen at gang- og sykkelveg må etablerast på denne strekkja før det kan etablerst nye bustadområde i Sætveithagen.

3.5.3 Parkering.

Det har vist seg å vera eit problem med for få parkeringsplassar i periodar både i Jondal sentrum og i Herand. I Herand er det føreslege nye parkeringsplassar i området mellom båthamna og oppgangssaga. I Jondal sentrum må det leggjast inn nye parkeringsplassar i reguleringsplanen for ny oppstillingsplass.

3.5.4 Breiband.

Det er etablert breibanddekning i heile Jondal kommune, delvis via trådlus sending og delvis via fiber. Satsinga på breiband har gitt kommunen verdfulle nye arbeidsplassar. Satsinga på auka kapasitet held fram i planperioden.

3.6. Friluftsområde.

I Jondal kommune er det svært god tilgang til utmark og fjell. Eit omfattande turstinnettverk gjev eit breitt spekter av utfordringar for dei som vil ut i natur og friluft. I framlegget til arealplan er området mellom Hereitangen/Hereipollen og Fv 550 merka med omsynssymbol for friluftsliv.

3.7 Bruk og vern av sjø og vassdrag.

I dei overordna måla i fylkesplanen for Hordaland 2005-2008 blir det lagt vekt på å ta vare på viktige verdiar i Hordaland. Mellom anna skal viktige areal for friluftsliv sikrast og nedbygging av strandsone hindrast. Vidare er det lagt opp til at kommunane skal kartleggja og definera funksjonell strandsone.

3.7.1 Funksjonell strandsone.

Jondal kommune har ikkje kartlagt eller definert/kartlagt funksjonell strandsone.

3.7.2 Naustområde og småbåthammer.

Naust vert definert som ”*uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskeriredskap*” (jf. Vegleiareren ”Råd om planlegging og forvaltning av strandsone i Hordaland”). Naustområde er vidare å rekna som utmark. Det skal vera mogeleg for alle å ferdast framfor naust og mellom naust eller naustgrupper. Naust skal ikkje omdisponerast til bustad eller fritidsbustad. I ny plan- og bygningslov er naust ikkje eit eige arealføremål på kommuneplannivå. Naustområda er i kommuneplan sin arealdel vist som underføremål friluftsområde etter § 11-7 nr 6. Områda er i tillegg merka med N i plankartet. I planen er det lagt opp til 2 nye naustområde. 1 område er delvis utbygd. Det er plankrav der området ikkje er utbygd. I samband med arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsone må alle eksisterande naust/naustområde registrerast og kartfestast i eige temakart. I plankartet er det vist 9 område for småbåthamneanlegg (SB1-7 og SB9-10). Desse er delvis eksisterande anlegg med planar om utviding og delvis nye anlegg.

3.7.3 Akvakultur.

I kommuneplanen sin arealdel har ein innarbeidd kystsoneplanen for Jondal kommune, vedteken i 1994. Dagens situasjon med 7 oppdrettsanlegg for laks og eitt anlegg for blåskjel er vist på kartet slik dei har godkjend plassering inklusive areal til oppankring i tråd med krav.

3.7.4 Fiske.

Områder for fiske er avsett som fiske i kommuneplanen. I alt er det vist 8 låssetjingsplassar i planen. I tillegg viser ein gyteområdet for torsk nordaust for Herandsholmen.

3.7.5 Drikkevatt.

Drikkevatt har eige underføremål etter pbl. § 11-7 nr 6. Nedslagsfelt er merka som omsynssone. Dette gjeld nedslagsfelt for Torsnes vassverk, Jondal vassverk og Herand vassverk.

3.7.6 Vassdrag.

I planområdet gjeld 25-meters byggegrense til vassdrag. Dei mest markerte vassdraga er merka med omsynssymbol. Reguleringsmagasin for kraftproduksjon er merka med omsynssymbol. I samband med kartlegging av funksjonell strandsone, må ein også ta med vassdraga. I fleire av vassdraga er det planar om kraftutbygging. Krav om miljøomsyn er spelt inn i plan- og konsesjonsprosessen. Styringsgruppa(kommunestyret) har sagt at kommuneplanarbeidet ikkje skal engasjera seg i pågåande planutgreiingar om småkraftutbygging. Dei prosjekta som er aktuelle er oversiktlege og må få si prosjektutvikling uavhengig av kommuneplanarbeidet.